

Notat

Dato: 10.09.2019
Arkivsak: 2019/16897-1
Saksbehandlar: elibjor

Til: Fellesnemnda

Frå: Prosjektleiar

Integreringsoppgåver til fylkeskommunen

Prosjektleiar presenterer informasjon om oppgåver som vert ført over fra Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) sine regionskontor til fylkeskommunane frå og med 1. januar 2020. Til orientering er avtalen med Inkluderings- og mangfoldsdirektoratet. Den er eit resultat av forhandlingar mellom KS og IMDi.

For Vestland fylkeskommune er det knytt 3,9 stillingar til oppgåvene. I løpet av sommaren vart forslag til avtale lagt fram, og endelige avklăringer kom på plass tidleg i haust. Dette er grunnen til at saka først kjem opp no.

Oppgåvene må sjåast i samanheng med fylkeskommunen si lange og breie erfaring og kompetanse innan opplæring, næringsutvikling og kultur.

Vestland fylkeskommune har gjennom avdeling for Kultur, idrett og inkludering og det politiske utvalet Kultur, idrett og integrering, allereie ei organisatorisk innretting på plass for dei nye oppgåvene.

Dette vert eit område som styrkar fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar, med god samhandling mellom avdelingane i fylkeskommunen og med eksterne aktørar som føresetnad.